eiendomsmagasinet

# hus og hjem

BILAG TIL BERGENS TIDENDE, NR.
FREDAG
20. APRIL 2012



## Velkomen til bords i kollektivet

Ukens boliger

Krogsveen

Skarehaugene 88, Mathopen



Krogsveen v/Fredrik Sørelde, tlf. 90 11 64 31

Enebolig
Prisant.: Kr 7.490.000,-
Bra/P.rom: 283/235 kvm
Visning:
Man. 23/4 kl 1800-1900

Baglergaten 20, Sandviken



Krogsveen v/Siren Rundhovde, tlf. 94 50 14 77

Enebolig
Prisant.: Kr 5.890.000,-
Bra/P.rom: 194/185 kvm
Visning:
Søn. 22/4 kl 1400-1500

Hans Hauges gt. 40, Sandviken



Krogsveen v/Jo André Hagen, tlf. 47 61 54 45

Selveier
Prisant.: Kr 2.490.000,-
Bra/P.rom: 65/65 kvm
Visning:
Ti. 24/4 kl 1830-1930

Tyssøy, Bjørøyhamn



Krogsveen v/Jo André Hagen, tlf. 47 61 54 45

Halvpart tomannsbolig
Prisant.: Kr 2.690.000,-
Bra/P.rom: 131/118 kvm
Visning:
Søn. 22/4 kl 1300-1400



**ARBEIDSLAG:** *Kvar femte veke har Helen Håkansson, Gunilla Wiklund, Kristina Jennbert, Åke Sandberg og seks andre ansvar for at det blir middag i kollektivet. Arbeidslaget planlegg veka, og fordeler oppgåver mellom seg. Alle må jobba to dagar for fellesskapet. Kvar veke har dei 4000 kroner å handla mat for. To gonger i månaden blir det handla inn basisvarer for 6000-7000 kroner. I Tullstugan er det fem arbeidslag som dette.*



**MAT Å FÅ:** *Oppslag i heisen fortel kva mat som er å få dei komande dagane. Ertersuppe torsdag.*

# Tillsammans om middagen

**Svenske Gunilla Wiklund kan ikkje fatta at folk vil organisera livet sitt så dårleg at dei må laga middag kvar dag. Atten av tjue middagar kan ho gå til duk og dekka bord i matkollektivet.**

**MEN DENNE TIRSDAGEN** i mars knyter ho på seg det blå kjøkenforkledet heime hos seg sjølv, i sjette etasje. Ho tar heisen ned i andre, til kollektivkjøkenet, der ho i dag skal laga mat ilag med naboane Helen, Kristina og Åke. På menyen står ostegratinert fisk med kvitlauk, fløyte og spinat. Om to timar skal førti naboar eta dagens middag ilag, slik dei gjer kvar tysdag, onsdag, torsdag og fredag året rundt, bortsett frå to månader om sommaren.

**VI ER I** Kollektivhuset Tullstugan på øya Söder i Stockholm sentrum, i eit stort bustadkompleks frå 1994. For tida er 34 av 260 leilegheiter i burettslaget Tullstugan saman om kollektivet.

– Det har fungert fint i atten år. Vi veit ikkje om nokon annan måte å leva på, seier Tage Wiklund, mannen til Gunilla. Før dei kom hit, budde dei 28 år i eit kollektiv i utkanten av byen. Der budde også arkitekt Mats Egelius, som teikna dette bustadbygget. Saman med han og eit par andre vener, lanserte dei ideen om eit kollektiv i nybygget. Dei fekk avtale om å leiga ei fireroms leilegheit på fellesen. Her er det i tillegg til eit romsleg kjøkken, matrom med langbord, leikerom, eit rom med fjernsyn og eit overnattingsrom for gjester, som er i bruk 200-300 netter i året.

**TI AV** dei familiane som flytta inn då kollektivet var nytt, bur her framleis. Stort sett har femti vaksne og 25 born deltake i matfellesskapet. Alle et ikkje kvar dag. Tysdag til torsdag blir det koka til førti, fredagane til seksti. Alle vaksne har arbeidsplikt kvar femte veke, enten med å handla, laga mat eller med å vaska og rydda i fellesromma.

Tage og Gunilla betaler til saman 1100 svenske kroner i månaden for middag fire dagar i veka og fellesutgifter til kollektivet.

– Det er ikkje mogeleg å eta så god mat heime til den prisen. Det merkar vi godt om sommaren når kjøkenet er stengd, seier Gunilla.

Matlaget handlar stort og økonomisk. Når det blir mat til overs, frys dei den ned til seinare bruk, eller sel den til lunsj neste dag.

– Å samarbeida om middagslaginga på denne måten er både praktisk, økonomisk og svært sosialt. Det er rett og slett ein bra måte å leva på, kollektivet set ein gullkant på livet, seier Tage.

– Her er mange små familiar i dagens samfunn. Single, eldre par og åleinemødre har alle nytte av å vera i dette fellesskapet. Og vi som er pensjonistar og har god tid, kan avlasta travle småbarnsforeldre. Har nokon problem med å rekka barnehagen før stengjetid, er det berre å ringja. Det er kjekt for born å kjenna mange vaksne. Eg veit ikkje om vi hadde greidd dei slitsame småbarnsåra utan fellesskapet i kollektivet. Mange av venene våre greidde det ikkje, og blei skilde, seier han.

**I HELGANE** er matsalen til leige. Då er det barneselskap og andre tilstellingar der, ofte blir fellesromma brukte til ulike kulturarrangement.



**KOLLEKTIVISTAR:** *Tage (78) og Gunilla Wiklund (73) er veteranar når det gjeld kollektivliv. Dei har levd kollektivt heile sitt vaksne liv. Som alle andre i kollektivet Tullstugan i Stockholm, er dei [illegible] som nyt praktiske, økonomiske og sosiale fordelar av eit felles kjøkken med matsal.*



*orientalsk kyllinggryte fredag. Med vegetaralternativ, og sjokoladekake til dessert.*





**HEIMEKOSELEG:** *Matsalen er pynta med blomar og levande ljos. Stort sett har femti vaksne og 25 born tilhøyrt kollektivet sidan starten i 1994. For tida er det litt færre born her. Leiinga i kollektivet håper det vil endre seg.*

Gunilla fortel om boksirkelen med tretti medlemer som har halde det gåande sidan dei flytta inn. Ein av dei som bur her, arrangerer jazzkveldar og turar til New Orleans. Dei som bur her har ulik kompetanse, som ofte vert utveksla.

– Eg plar omtala kollektivet som den lokale kroa vår, seier Tage Wiklund. – Vi er mellom dei eldste som bur her. Det blir spanande å sjå korleis det blir når vi vil ha bruk for hjelp, om kollektivet vil takla det. Vi vil gjerne sjå på dette huset som aldersheimen vår, seier han. Han har vore byplanleggjar i Stockholm, Gunilla Wiklund har vore kommunikasjonssjef.

**KVART ARBEIDSLAG** lagar meny for veka som kjem. Middagsrettane skal vera passe varierte og ikkje altfor arbeidskrevjande. Ein gong kjøpte dei ein elg som blei partert på kjøkendisken. Det blei med den eine gongen. – Det blir helst til at vi set opp menyen etter kva vi har lyst til å laga. Det skal ikkje vera for dyrt, men om fredagane flottar vi oss litt, og då er det duk på borda, seier Kristina Jennbert

**AGNETA OG BORIS** Culjat er nykomlingar i Tullstugan. – Vi flytta inn i desember og vart så glade då vi fekk høyra om matsalen. Ved å vera med i dette kollektivet, blir vi mykje lettare kjende med folk, seier Agneta. Ho og mannen selde villaen, flytta i leilegheit og er utan røynsle med tidlegare kollektivliv.

– Det er eigentleg ein gastronomisk klubb, dette her, meiner Boris. Han seier han nyt både maten og fellesskapet. – Det er ikkje nødvendig å vera freist for å delta her, det er berre å setja seg til bords og eta godt, seier han.

EVA RØYRANE
BJØRN ERIK LARSEN (foto)
eva.royrane@bt.no

# Lang tradisjon i Sverige

Det har funnest ulike former for kollektivhus i Sverige i meir enn hundre år. For tida er interessa på ny aukande.

**I DAG** er 42 eksisterande kollektivhus samla i ei svensk riksforening. Ti nye kollektivhus er under planlegging i Sverige, fortel Dick Urban Vestbro, pensjonert arkitektprofessor og president i foreninga Kollektivhus Nu. Han har nytt godt av fellesskapet i Tullstugan sidan i 1996.

**MANGE** europeiske byar fekk kollektivhus like etter år 1900, men ideen vart for alvor sett ut i praksis på 30-talet. Då kom ønskjet om å rasjonalisera husarbeidet for at kvinner skulle kunna gå ut i arbeid. Kollektivhusa hadde tilsett personale som laga middag til folk kom heim frå arbeid.
På 1970-talet krov alle kvinneorganisasjonar i Sverige kollektivhus. Politikarane i Stockholm tok dei på ordet. Tre kommunale bustadselskap vart pålagde å byggja seks kollektivhus kvar. Nokre kollektivhus er avvikla. Dick Urban Vestbro skuldar mellom anna på aukande individualisme. Dessutan vart det for dyrt å leiga folk til å laga mat. No skjer matlaginga på dugnad.

**INTERESSA** for felles løysingar er igjen aukande, meiner presidenten. I Sverige har det vore mest vanleg å vera leigetakar i kollektivhus. Dei svenske kollektivhusa er for det meste blokker og andre typar fleirfamiliehus i byen. Danmark har mange liknande bufellesskap i form av rekkjehus med eit felleshus i midten. Denne typen bufellesskap har ikkje fått grobotn i Noreg på same måten som i nabolanda våre.